



Sak nr 04/22

Møtedato: 23.02.22

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## S996, Grønsenn – Deler av stølsjorde falt i det fri

Stølsbrukaren (Erik Knut Riste) har take kontakt med administrasjonen, og i epost den 28.12.2021 «oppgjeve utan atterhald» deler av sitt stølsjorde på S 996

Om støl/deler av stølsjorde som fell i det fri gjeld stølsforskriften §12:

§ 12.Om seter som er fallen i det fri

*Når vilkåra etter § 22 i fjellova ligg føre skal fjellstyret gjere vedtak om at retten til setra m.m. er fallen i det fri.*

*Fjellstyret kan vise ut seter som er fallen i det fri etter § 22 i fjellova, til eigedom i drift som treng seter.*

*Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.*

Denne viser til § 22 i Fjelloven som seier følgjande:

§ 22.

Rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.
2. Når setra i eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje har vore i bruk som seter.

Bortfall av rett til seter etter første stykke nr. 2 får først verknad 5 år etter at lova har teke til å gjelde, med mindre retten etter § 20 i lov 12 mars 1920 ville ha falle bort før.


Rett til utvist tilleggsjord etter § 19, og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort:

1. Ved oppgjeving utan atterhald.
2. Når tilleggsjorda i 5 år samanhengande ikkje har vore i bruk.

Her er fakta at stølsbrukaren har jfr Fjelloven § 22 «oppgjeve deler av stølsjordet utan atterhald», slik at dette er dermed oppfylt. Dette gjeld i praksis nørre del av stølsjordet. Deler av det som no fell i det fri er definert som «innmarksbeite» i kommunen sitt landbruksregister.

Riktig sakshandsaming vidare fremgår av stølsforskriften, der fjellstyret skal gjera vedtak om at retten til dei oppgitte deler av stølsjordet er fallen i det fri.

Med bakgrunn i at stølsbrukar sjølv har oppgjeve deler av stølsjordet utan atterhald, tilrår administrasjonen at fjellstyret vedtek at den aktuelle delen av stølsjordet fell i det fri.



Skisse 1 syner attverande stølsjorde samt avgrensning av den delen som fell i det fri.

Vidare må fjellstyret ta stilling til om ein skal lyse dette ut pånytt til andre, eller om det er meir hensiktsmessig å ikkje lyse dette ut. For dette arealet ligg det 2 hytter som tidlegare lå innafør stølsjordet. Det vil vere

uhensiktsmessig å lyse ut jordet slik at dei hyttene som lå innafor jordet fortsatt vert liggande innafor. Det burde i så fall blitt justert som gjer at hytter vert liggande heilt utanfor stølsjordet.

Det er og berre ein avgrensa del som ligg utanfor ny avgrensing for stølsjordet (som fell i det fri) som er definert som innmarksbeite (ca 3,5 daa). Dette og delvis attgrodd, og fjellstyret må ta stilling til om det er hensiktsmessig å lyse dette ut til andre, eller å velje å la være å lyse dette ut. Dersom ein vel å ikkje lyse dette ut, har ein og valet i framtida å kunne tildele dette tilbake til opphavleg støl om dei i framtida skulle ha behov for meir areal ved utviding av drifta.

Oppsummert, med grunnlag i nemnde moment tilrår administrasjonen å ikkje lyse ut den delen av stølsjordet som fell i det fri.

### **Framlegg til vedtak**

Fjellstyret vedtek jfr Stølsforskriften §12 at deler av stølsjordet S996 som angitt i skisse 1 er falt i det fri. Fjellstyret vedtek å ikkje lyse arealet ledig.

### **Vedtak**

Fjellstyret vedtek jfr Stølsforskriften §12 at deler av stølsjordet S996 som angitt i skisse 1 er falt i det fri. Fjellstyret vedtek å ikkje lyse arealet ledig.

### *Samrøystes*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument.*

*Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 24.02.2022

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Statskog  
Stølsbrukar